

FITJAR KYRKJEBLAD

NR 1 - MAI 2023
ÅRGANG 46





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar

kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar Diakonimnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedeilete:

Frå gudstenesta i Dåffjorden 2. påskedag

Foto: Torbjørn Hovland

Redaksjonelt

Påska handlar om nåde?

Eg hørde ei forteljing om ein gamal bergensprest som kom for å halda andakt på Ynglingen på slutten av 60-talet. Lokalet var fullt av tenåringer og presten var nervøs. På bakrommet sa han til ein av leiarane «eg kan bare snakke om nåden». «Jammen så gjør det du», svarte leieren.

Olav J. Oma



Den gamle presten begynte med å fortelja om oppveksten i Knøsesmauet, på Nordnes. Der var det så trangt mellom husa at foreldra våre sa: «dokker må ikkje kaste snøball.»

Men ein vintermorgon gjekk han ut, og vart freista til å kna seg ein skikkeleg snøball. Han kylte snøballen nedetter smuget, og heilt utan at det var meininga, det singla i glas.

Han som eigde vindaugget kom farande og brølte etter snøballkasteren, «Vent deg! Eg skal sei det til far din!»

Den dagen torde han ikkje gå heim. Han var så redd for faren.

Så fortalde presten om ei anna tid. Ei tid då det ikkje var uvanleg at born fekk fysisk straff. Då kvelden kom, gøynde han seg i eit huk i smuget der han budde. Redd for faren og kva som kunne skje, når han fekk vita kva guten hadde gjort. I skumringa hørde han stega frå faren. Kanskje hadde faren funne guten i huken før? I alle fall no kom han.

Faren kom, la armen om den redde guten og sa: «Kom, vi går hem, den ruten har eg betalt».

Slik fortalde den gamle soknepresten om Guds nåde.

Slik gjorde Jesus for deg og meg. Jes 53,5 «han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.»

Påska vi nett har feira, fortel om denne nåden. Ein kross er reist for vår skuld, for å gi oss nåden. Jesus har betalt det «vindauga», som vi knuste, eller kva det no var. Nåden hans gjeld i dag og den gjeld for deg.

«Kom no går vi hem, den ruten har eg betalt».

(Etter en historie fortalt av Kjell Grønner)



Nasjonal drop-in-dåp- kampanje i 2023

Frå pinsa i 2023 og to veker inn i juni er det no planlagt ein periode med nasjonal merksemd om drop-in-dåp, som eit supplement til dåp i høgmesse.

Det er perioden 27. mai til 11. juni som er sett av til å gjennomføre dåpsdagar.

Kvifor drop-in-dåp?

Fleire kyrkjelydar har gode erfaringar med å invitere til open dåpsdag. Her kan dei som ynskjer, droppe innom, gjennomføre dåpssamtale og verte døypt.

Ei av dei som har erfaringar med drop-in-dåp er Marit E. Isaksen, sokneprest på Tysnes. Ho fortel om gode tilbakemeldingar på dagen.

– Fleire barn, men og vaksne, vart døypte. Det er eit ope tilbod til alle som ikkje er døypte frå før. Dei frivillige som hjelpte til, sa at dette var svært meningsfullt å vera med på.

Soknerådet på Fitjar planlegg drop-in-dåp laurdag 10. juni.

Er dette aktuelt for deg eller nokon av dine, born eller vaksne?

Ta kontakt med kyrkjekontoret på epost: kyrkja@fitjar.kommune.no

Eller sokneprest Olav J. Oma på telefon 906 38 825.

Døypefont frå friluftsgudsteneste i Kråko 5. juli 2018.

Foto: Torbjørn Hovland



Fasteaksjonen

28. mars vart fasteaksjonen gjennomført frå Fitjar kyrkje. Konfirmantane vart sendt ut i bygda to og to, og gjekk ein god runde på omkring 1,5 til 2 timar! Dei vart møtt av hyggelege sambygdingar og samla inn ein god sum til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i heile verda.

Tusen takk til diakoninemnda som stilte med fleire. Tusen takk til føresette som baka bollar, laga kakao og køyrde. Og ikkje minst tusen takk til konfirmantane! Dei samla inn **46.261 kroner**. Det tyder at Fitjar Sokn har gjeve varig tilgang på reint vatn til 185 personar.



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. [Du kan nytta vedlagt giro.](#)

Frist for innlevering til neste blad er 9. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 21. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme



Spontan applaus braut ut ...

då vigslinga var eit faktum!

Søndag 16. april vart Ragnhild Jepsen vigsla som ny biskop i Bjørgvin bispedøme. Ho kom frå stillinga som domprost i Nidarosdomen, og er den første kvinnelege biskopen i Bjørgvin bispedøme.

Karvel Strømme

Bergen domkyrkje var fullsett, og mange fekk ikkje plass i kyrkja. Sjølv var eg på plass allereie kl. 09.15, og då dørene vart opna kl. 10, strøymde folk inn i kyrkja. Kyrkjelege representantar frå kommunane i Bjørgvin var til stades, og frå Fitjar kom formann i soknerådet, Svein Lunde.

Det vart ei svært høgtideleg signingsgudsteneste, og då preses Olav Fykse Tveit høgt og tydeleg erklærte Ragnhild som biskop i Bjørgvin bispedøme, braut lang og sterk applaus ut i kyrkja.

«Dei blanke dagane ligg framfor oss», var dei første orda i preika hennar, då ho for første gong stod på preikestolen.

«...Vi treng vitnemål om nestekjærleik i praksis, i dei nære relasjonane og som medborgarar i ei verd som ropar etter rettferd... Vi treng å høyra kallet om å stå opp mot uretten, om å vera Jesu hjerteslag i verda...».

Festgudstenesta inneheldt mykje song og musikk, m.a. eit eige tingingsverk som gåve til den nye biskopen: «Sunniva kongsdotter» av Knut Vaage.



Ved utgangen strøymde gratulantane til biskopen, og då eg helsa på henne, bad eg om å få ta eit bilete til Fitjar kyrkjeblad, noko ho smilande gav lov til.

Eg fekk og helsa på biskopen i Nidaros, Herborg Finseth, som sjølv sagt måtte vera til stades for å sjå domprosten sin bli vigsla til biskop. Då nytta eg høvet til å be henne ta med ei helsing tilbake til Trondheim, til den tidlegare fitjarbuen, islendingen Bjørgvin Tjorsteinsson, og bror til Hrafn som er blitt fitjarbu for lengst. Eg hadde dei begge som elevar då dei kom til Fitjar for 40 år sidan. Bjørgvin har hatt ein eventyrleg karriere, og er no direktør for «Nidaros domkirkes restaureringsarbeider». Ho gav Bjørgvin ein god attest: «Me er alle glade i Bjørgvin!» I byrjinga av september kjem Bjørgvin til Fitjar for å fortelja om arbeidet sitt i Nidaros. Dette kjem me attende til.

Ragnhild Jepsen og soknerådsleiarar frå Sunnhordland.



Årsmøte for Fitjar sokn

vert halde søndag 4. juni 2023 etter gudstenesta i Fitjar kyrkje (ca. kl. 12.00). Sak: Gjennomgang av årsmelding for 2022. Årsmeldinga kan ein lese på kyrkja.no/fitjar. Ein kan òg få henne i Fitjar kyrkje, eller frå måndag 22. mai i kundetorget på rådhuset, på kyrkjekontoret eller i biblioteket.

Tid for å fylla Guds hus på ny!

Nyleg la Statistisk sentralbyrå ut kyrkjestatistikken for 2022. Det var ikkje berre hyggjeleg lesnad. Alt for mange piler peika nedover, sjølv om det også var gledelege tal å sjå. T.d. var det tydeleg auke i talet på døypte og vigde i kyrkja. Babysong synta også god vekst. Men elles saknar mange av oss den gode, gamle fresen i gudstenestedeltakinga, slik det var i åra før pandemien.

Herman I. Aadland

Tala sin tale

Det var jo fantastisk då koronarestriksjonane vart letta på og etter kvart oppheva. Me kjende på ei veldig glede over fritt å kunna samlast som før pandemien! Så viser tala sin tale likevel at mange ikkje har funne plassane sine att. Kva er grunnen til det? Det er nok fleire grunnar: Nokon har gått ut or tida og treng ikkje kyrkja lenger. Gud signe deira minne! Nokon har kanskje tapt helse og førleik gjennom koronati-da. Medan andre rett og slett har komme ut av den gode vanen det var å gå til gudsteneste. Det er makelegast å vera heime, eller å finna på noko anna kjekt. No er det slett ikkje lite folk i Fitjar kyrkje. I landsmålestokk er det god kyrkjesøking hos oss. Denne påskehelga har synt det til fulle. Men me har plass til mange fleire!

Fine gudstenester

Gudstenestene i Fitjar kyrkje er gode og rike. Me får solid, nær, levande og oppmuntrande forkynning. Salmesongen er uvanleg god og smittande. Ofte er vakre og oppbyggelege song- og musikkinnslag med og løftar stunda ekstra. Og me har jo ein kantor henta frå dei øvre hyller. Det er rett og slett godt å vera i Guds hus! Og kyrkjekaffien og fellesskapet og praten etterpå er gull verd for mange. Dette er i alle fall mitt vitnemål. Kyrkja er min andre heim, og kyrkjefolket min andre, gode, kjære og kjærlege familie. Det kan nok henda at

eg av og til må ta meg sjølv litt i nakkeskinnet søndag morgon. Men så godt som alltid kjenner eg meg takksam, rik og oppløfta når eg fer heim.

Mykje tru i Fitjar

Det er mykje tru i Fitjar. Dette kjem veldig tydeleg fram t.d. ved dåp, i gravferd, i samtalar, i god omtanke for andre, godleik og kjærleik. Men det er kanskje ikkje alle som har oppdaga gleda og krafta i det å tru saman. I fellesskapet i kyrkja og på bedehuset er dette heilt sentralt. Me høyrer saman, me er der med og for kvarandre, endå me alle er originalar og kanskje dun-drande ulike.

Plass for deg, plass for meg

Det siste er kanskje noko av det som er aller finast og best: Det er plass for deg og det er plass for meg.

Ein mann som nyleg gjekk ut av tida, sa ein gong til meg: «Eg vågar ikkje sløyfa gudstenesta, eg. For dei gongene eg ikkje har vore der, høyrer eg at det har vore så mykje fint og kjekt som eg gjekk glipp av.»

Velkommen til Guds hus! Dørene er alltid opne for deg.

Misjonssamling m/årsmøte



Fitjar fellesforening for NMS har misjonssamling med årsmøte på Fitjar bedehus lørdag 6. mai kl 1600. Tale områdesekretær Roar Vik, sang Håkon C. Hartvedt. Pause med god mat.

Alle hjertelig velkommen!



Påske i Fitjar, påske i Mali

Påskedag var Fitjar kyrkjelyd enno ein gong samla til påskejubel i kyrkja vår. Og for ein jubel det vart! Det finst knapt noko finare! Og som ein naturleg del av påskegleda og påskefesten fekk me vera med og gje ei påskegåve til våre medkristne i Mali. Og det vart eit varmt og godt handslag. Samla sum denne dagen vart 14.372 kroner. Og så langt i 2023 har Fitjar kyrkjelyd samla inn 50.789 kroner til misjonsavtalen vår. Eg kjenner at eg vert både glad og rørt når eg skriv dette. Varm takk for engasjementet!

Herman I. Aadland

Dei siste ti åra har det vore utfordrande å driva kristent arbeid i Mali. Væpna grupper av ulike slag gjer det farleg å reisa kring i landet. Det har difor vist seg at det er ein stor fordel å vera farga misjonær og kyrkjebyggjar. Her er ei lita helsing frå Magadji Thomas, direktøren for den misjonen NMS samarbeidar med i Mali. Han er frå Kamerun, og saman med han er det fleire kamerunesike familiar med i arbeidet. Dette seier Thomas:

«Den største gleda er å sjå at Gud har bevart dei kristne fulanarane i nordområda i trua, trass i at dei vert truga og forfylgde av islamistar. Mange trudde at dei var kristne berre for å få materielle gode, og at dei ville gje opp trua når dei ikkje «tente på den» lenger. Men det har dei verkeleg motbevist!

Evangeliet har ikkje forandra seg. Det har heller ikkje misjonærane sin rolle som berarar av evangeliet. Men i dei seinare åra har det gått i retning av at vestleg misjon ber og bidreg økonomisk, medan afrikanske misjonærer er til stades lokalt.

I Mali og Kamerun manglar me pengar. I Noreg manglar ein kanskje menneske som vil reisa. Men me har ein norsk misjonær, Frode Brugger Sætre. Han er eit godt eksempel. Eitt menneske kan vera like mykje verd som tusen for Gud. Me har ulike oppgåver, men alle er kalla til å be, gje og kryssa grenser.»

Takk for at du let deg engasjera og er med! Og lat misjonen stadig vera eit varmt bønneemne mellom oss!



MALI: Illustrasjonsfoto:
Ingvald Andersen Frøyen

Gudsteneste med skrustikke og sveiseapparat

Det er truleg ikkje så mange stader ein held gudsteneste med skrustikke på alteret, tek opp kollekt i ei velbrukt sveisemaske, og har ei stor kolvogn frå eit damploktiv midt i kyrkjerommet. Denne kombinasjonen viste seg å vera ei populær og vellukka ramme, og 2. påskedag var me for åttande gong samla i verkstadhallen til Dåfjorden slipp.

Torbjørn Hovland

På eit galleri i enden av hallen sat bandet og solist Silje Rydland, og utanfor låg eit utal gamle skip som trong omsorg og vedlikehald. Under leiing av Helga Auestad hadde gode krefter i bygda rydda, rigga til med stolar, og laga kyrkjekaffi og pølser i brød.

Og mellom gassflasker og tungt verkstadutstyr var hallen fullsett, over 120 personar hadde tatt turen til dette årvisse maritim/mekaniske høgdepunktet. Sokneprest Olav Oma preika, og påskeevangeliet vart lese av 14-årige Ingeborg Sjøtun.

Nok eit gjennomført vellukka arrangement frå dåfjordingane si side, og me takkar vertskap og eigarar, Steinar Andersen og Arnhild Sørestrand, for å stilla verftet til disposisjon.

Me håpar å få koma tilbake neste år, det er berre å gleda seg .



Konfirmant 2023

Laurdag 13. mai kl. 11:00

Kari Aamyri
Melissa Tufteland Aga
Selma Anuglen
Guro Skår Bergesen
Thomas Opedal Huseth
Linnea Prestbø
Amalie Skumsnes Skålevik
Espen Isdahl Sætre
Lars Andreas Sørffonn
Mikael Kongestøl Vik
Malin Navdal Vik
Emilie Skutlaberg Vik

Laurdag 13. mai kl. 13:00

Amalie Gjøsæter
Mia Grimen
Benjamin Tveit Lillenes
Dennis Håkonsen Michelsen
Ole Kristian Moldestad Oma
Adina Rydland
Maren Rydland

”

*For eg veit kva tankar
eg har med dykk, seier
Herren, fredstankar og
ikkje ulukketankar. Eg vil
gje dykk framtid og von.*

Jer. 29, 11

Søndag 14. mai kl. 11:00

Emma Sævdal Aarbø
Isabell Polden Andersen
Tord Brekke
Martine Kulsås
Sebastian Lundal Melissa-Kristin
Kleppe Maraas Noah Bergesen
Skålevik Harald Rydland Sæbø

”

*Ta vare på hjartet framfor
alt, for livet går ut frå det.*

Ordt. 4, 23



Foto: Torbjørn Hovland



Foto: Randi Lønning Matre

Foto: Anne Hardeland



Kunngjering av valliste og supplerande nominasjon

Ved val til sokneråd i Fitjar sokn er det ei godkjend valliste: Nominasjonskomiteens liste.

Det er høve til supplerande nominasjon. Det inneber at fem medlemmer som har stemmerett i soknet, kan gå saman om å fremje tilleggskandidatar til vallista.

Valet gjennomførast som fleirtalsval.

Les meir om kyrkjevalet på kyrkjevalet.no



Kandidatane er oppførte i
prioritert rekkefølge.

1. Wenche Andersen Helland,
1956

2. Svein Lunde,
1955

3. Tom Rydland,
1967

4. Anne Marie Røed,
1949

5. Anne Kristin Skår,
1967

6. Håkon Rydland Sæbø,
1977

7. Mette Elisabeth Lambach,
1962

8. Nils Andreas Brekke,
1964

9. Lillianne Drønen Jæger,
1989

10. Bård Inge Bø,
1977

11. Kari Raunholm,
1965

12. Henrik Træet,
2004



13. Åse Rygg Heskestad
Nøttveit, 1960

14. Magnor Tverderøy,
1962

15. Karin Maria Korsvik,
1942

Frist for å levere forslag til
kandidatar ved supplerande
nominasjon er kl. 12 den 15.
mai.

Forslag til supplerande kandi-
dat skal vere underskrive av
fem forslagsstillarar med stem-
merett i soknet. Forslaget
leverast til soknerådet.



Gladjazz til stor glede



Trad-jazz, Dixieland, New Orleans-jazz og gladjazz, kjært og musikalsk barn har mange navn. Ein av dei aller fremste representantane for denne musikkgenren er Ytre Suløen Jass-ensemble som no feirar 50-årsjubileum.

Torbjørn Hovland

Me var så heldige å få møta dei i kyrkja 30. mars, og mange av dei frammøtte hugsar med glede også forrige konserten for 10 år sidan.

Sidan oppstarten har det vorte 25 plateinnspelningar og utallege konsertar og turnear i inn- og utland. Dei er til og med æresborgarar av jazzhovedstaden New Orleans, det seier ein del om nivået.

Dessverre måtte vokalsolist Tricia Boutté melda sjukdomsforfall, men resten av ensemblet stod absolutt trygt på sine eigne svingande bein. Besetninga bestod av 4 blåsarar, trommer, banjo og ein pianist som lovpriste pianoet han spelte på.

Her vart alle forventningar innfridde, det vart eit fyrverkeri av ein kveld. Me fekk musikk med gnist og sprudlande speglede frå første note, humørfyllt introdusert og leia av trompetist Sturla Hauge Nilsen.

Uttrykket gladjazz var absolutt dekkande for denne konserten. Sjølvsaugt gospel og negro spirituals, men også musikk av Duke Ellington og Louis Armstrong. Det er vanskeleg å framheva nokon enkelt sang, men ein saktmodig, sår og vakker versjon av «Velt alle dine veie» var ei stor oppleving.

Så får me berre håpa at det ikkje går nye 10 år til neste konsert.



Trusopplæringa i Fitjar kyrkje våren 2023

Denne våren har det vore mange gode og fine samlinga i kyrkja for barn. Eit av dei store høgdepunkta er Tårnagenthelga som samla 22 agentar ein laurdagskveld i februar. Alle kom gjennom opptakskrava og vart agentar. Dei løyste mysterium, leita etter symbol og var med å lage ei flott gudsteneste på søndagen!

Randi Lønning Matre

Eit anna høgdepunkt som er minst like stort, er småbarnssong som har jamlege samlingar med song, rytme, dans og bibelforteljing i kyrkja. Ivrige 2-4 åringar ventar spent på kva som er i sekken og stemmer i når apekattane kjem.



Kyrkjelydsleir på Helgatun

Olav J. Oma

Ein flott gjeng, 55 menneske frå Fitjar, flytta inn på Helgatun fredag 14. april. Det var ein gjennomgåande positiv flokk der alle var med og bidrog. Mellom desse var 3 familiar frå Ukraina. Her gjekk vi til duk og dekkja bord, fekk kjenna fellesskapen rundt maten, i leiken, og i bakken. Helga vart avslutta med ei fin gudsteneste søndag morgon, der vi fekk sjå Jesus ta imot Peter ein morgon på stranda ved Genesaretsjøen (Joh 21,1-14). Så gjekk vi ut til ein strålende søndag, med og utan ski på beina inne i Myrkdalen.

Takk for fellesskapen.

Komite for neste års leir er: Eli-Sigrun Wiik, Svein Aarbø og Helga Rimmereid

Leiren blir 15. -17. mars 2024



Skidag med konfirmantar til Røldal skisenter!

Måndagsmorgon 13. mars gjekk bussen frå Fitjar mot fjellet og snøen! Spente konfirmantlærarar hadde sjekka yr mange gonger, og sett at det var snøvêr heile dagen!

Randi Lønning Matre

Me kjem opp til puddersnø og ganske dårleg sikt. Me har trekket nesten heilt for oss sjølv, og finn snart ut at det er fine forhold i dei nedste trekka!

Positive konfirmantar er ute heile dagen! Dei utfordrar seg sjølv, er hjelpsame mot kvarandre, øver på nye triks og testar nokre grenser!

Det er god stemning i bussen på veg ned frå fjellet igjen! Tusen takk til føresette som var med på reisa. Tusen takk til konfirmantar for stå på vilje, godt mot, god song frå stolheisen og gode smil!



Diakoninemnda og besøkstenesta

Kvart år arrangerer diakoninemnda inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blompepaskjøning til alle aktive besøkssvenner. Her var Elfrid Kartveit med og fortalte levande om mora som var menighetssøster like etter krigen. Det var interessant og inspirerande for oss i dag.

Olav J. Oma

Nemnda organiserer besøksteneste for dei som ynskjer det. Om nokon ynskjer ein besøkssven, eller veit om nokon som ynskjer besøk, er det mogeleg å ta kontakt med leiar i nemnda, Annbjørg Stjern Tvedt, eller nokon av dei andre som er med i nemnda, om dette.

Annbjørg Stjern Tvedt, Halvard Wiik, Bodil Nesse, Grete Sætre, Hilda Gloppen, Inger Marie Gilje og Olav J. Oma.

Elles går medlemene i diakoninemnda med blompehelsingar til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall siste år. Dei går og med blompehelsingar til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover. Dei arrangerer og ein årleg dagstur. 1. juni skal me til Telavåg.



Diakonitur til Telavåg

1. juni dreg diakoninemnda på tur til Telavåg.

Der skal vi gå på museet, ete godt og vera saman.

Pris er kr 500,- per stykk, med buss og inkludert mat.

Avreise frå Fitjar bedehus kl. 08.30

Påmelding til kyrkjekontoret eller til Annbjørg Stjern Tvedt
470 18 264 innan torsdag 25. mai.



Tentreff til Korlevoll



Me var 30 forventningsfulle ungdomar og vaksne som reiste på tur til Seljestad og Korlebu helga 10-12 mars 2023. Som vanleg var det både ungdomar frå Fitjar som går på ungdomsskulen her og ungdomar som kom frå fleire av internatskulane det er vanleg å gå på.

Håkon Rydland Sæbø

Eirik Fitjar og Tobias Hovstad tok turen heilt frå Lyngdal, Siren Brekke frå Framnes, Elisabet Rydland Sæbø frå Tryggheim og Ola Sigurd og Hanna Lovise Vestbøstad frå Kvitsund.

Me skulle ha fokus på å sjå kvarandre og tenkje at det viktigaste med turen var fellesskapet me fekk ha i lag. For meg er det eit godt bilete på felleskap når fire gutar set seg i bilen for å hente ei som har forsove seg på Lundaneset. Dei var i bakken 1100 laurdag formiddag og koste seg på ski.

Me hadde fått låne 2 bilar av Engevik & Tislevoll AS til å køyra gjengen opp frå Fitjar. Dette gjer at prisen ikkje er avskrekkande men 600,- for transport, overnatting og mat heile helga.

Etter ein fin dag i bakken, er det utruleg godt å ha med seg folk som kan halda orden på maten. Denne gongen var det Gro og Lars Rydland som stilte opp. Mekan til radarpar skal du leite i alle fall ei stund etter.

Randi L. Matre hadde andakt, etter middag, om at det går bra med Gud. Mange er bekymra for framtida, kloden og klimaet.. men det går bra med Gud. Han er allmektig og glad i oss. Det er berre for oss å ta imot og kanskje til og med gi det vidare. Ho sa at me kan reflektere lyset og kjærleiken han har vist oss, til kvarandre!

For laurdagsunderhaldning hadde Randi fullt opplegg. Ikkje «mesternes mester», men skihelgas meister. Nokre av bileta snakkar vel for seg.

Utpå kvelden tok me ein tur ut for å ake, hoppe på ski, ha snøballkrig og brenne bål. Det var heilt magisk då lysanlegget slo seg av kl 2100, bålet brann og stjernene blinka over oss.

Vakkert og gøy.

Då me kom inn igjen, tok Jakob Rolfsnes over showet, og gjennomførte runde på runde med Mafia i stova.

Søndagen tok me det heilt roleg, åt ein litt sein frukost og fekk kome oss ut til skiskyttararenaen som var to stavar, 4 greinar som markerte 4 standplassar, ferdig spadde snøballar, ein spade som blink og 3 ekspert-kommentatorar som forstod seg på om det var høg eller låg treff eller bom. Alle gav jernet, og me nytte ei herleg hjortegryte med dessert etterpå.

Harald Hovstad stilte med eigen bil og plass til bagasje. Det var veldig godt å ha ein som kunne hjelpe med å følge opp ungdomar i trekket, hente bilen i Røldal, tenna bål på laurdagskvelden, spa opp snøballar og småprata med ungdomen. Etter ein artig oppleving på parkeringa ved trekket, der me trengte hjelp og fekk det, fekk han inspirasjon til ein liten andakt om kor viktig det er at me samarbeider. At me alle har våre styrker, og at me saman blir til ein heil kropp.

Ungdomane var flinke til å hjelpe til med pakking og ferdigstilling av rom. Konfirmantane og Randi blei igjen til måndag, då det var ny skidag med konfirmantane måndag morgon.

Under middagen søndag fekk underteikna trampeklapp. Eg let dei halda på litt, nøyt augneblinken. Så fekk me takka Gro og Lars Rydland for den flotte jobben dei gjorde på kjøkkenet, og Jakob Rolfsnes for den gode jobben han gjorde med ungdomane. Randi Lønning Matre skapte god stemning med sine aktivitetar laurdag, og var ein god sparringpartner. Harald Hovstad stilte med ekstra bil, og Arve Rydland lånte oss hengar så me hadde plass til fleire par ski og bagar utanom bilane.

No kjenner eg på stor takksemd for at me kan gjennomføre slike turar for ungdomane i bygda. Som Jakob sa frå talarstolen på første Tentreff etter turen; det blir vel tur til neste år og Håkon?



Kollektliste

Laurdag 01.01.	Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet	4 623 kr
Søndag 08.01.	Kyrkjelydsarbeidet	4 341 kr
Søndag 15.01.	NMS Sunnhordlansaksjonen.....	6 127 kr
Søndag 22.01.	Kyrkjelydsarbeidet	4 781 kr
Søndag 29.01.	Stefanusalliansen	10 762 kr
Søndag 05.02.	Det Norske Bibelselskap	5 874 kr
Søndag 12.02.	Kyrkjelydsarbeidet	7 496 kr
Søndag 19.02.	NMS sitt prosjekt i Mali	8 392 kr
Søndag 26.02.	Barne- og ungdomsarbeidet.....	4 243 kr
Søndag 05.03.	Björgvin bispedøme sitt vennskapssamarbeid med Den Lutherske kyrkja på Cuba	5 153 kr
Søndag 12.03.	Kyrkjelydsarbeidet	7 794 kr
Søndag 19.03.	Åpne Dører	7 985 kr
Søndag 26.03.	Kyrkjelydsarbeidet	5 093 kr
Søndag 02.04.	Trusopplæringa	4 500 kr
Torsdag 06.04.	Kirkens SOS	8 576 kr
Søndag 09.04.	NMS sitt prosjekt i Mali	14 372 kr
Måndag 10.04.	Kirkens bymisjon Sunnhordland	7 305 kr
Søndag 16.04.	Helgatun Fjellpensjonat	3 872 kr

Parkering

Jan Overweg

Etter etableringa av miljøgata gjennom Fitjar sentrum blei moglegheita for å parkera attmed kyrkjegardsmuren borte. For fleire som oppsøker kyrkja og gravplassen, har det lenge vore eit ønskje om nye parkeringsplassar nærare kyrkja. På slutten av fjoråret kom arbeidet i gang med å leggja til rette for parkering bakom kyrkjegardshuset. Her har det vore eit areal til parkering av traktor og gravemaskin og som deponi for overskuddsmassar.

Hausten 2022 vart bøkehekken mot Sjøsbrekko fjerna på dugnad. Grunnarbeidet vart utført av Engevik & Tislevoll og var ferdig til jul. Arbeidet vart slutført på nyåret med asfaltering og steinsetting. Det er plass til 7 vanlege bilar og ein parkeringsplass er reservert for rørslehemma. Ein køyrar inn på plassen frå Sjøsbrekko. Det gjenstår oppmerking og skilting. Me håper at dei som treng kort gangveg frå bil til kyrkje, eller kyrkjegard, finn plass til å parkera her.

Takk

for minnegåva til barne- og ungdomsarbeidet i Fitjar kyrke i samband med Ann-Sofie Drønen si gravferd.

Samla sum: kr. 28 651



GÅVE TIL KYRKJEBLADET

Med denne giroen kan du vera med å gje eit viktig bidrag til Fitjar kyrkjeblad. Kyrkjebladet kjem ut omlag 4 ganger i året og vert distribuert til alle husstandane i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkjelyd **kyrkja.no/fitjar**.

Utgiftene til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver og annonseinntekter. Alt anna arbeid med bladet vert gjort av frivillige i kyrkjelyden.

Gåver til kyrkja på meir enn kr. 500 pr. år gjev rett til skattefritak.

Takk for at du er med på å støtta arbeidet i Fitjar kyrkje!

Olav J. Oma
sokneprest

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Betal gjerne med vipps til
vippsnummer #809255



Kvittering

Innbetalt til konto

Belep

Betalar sitt kontonummer

Betalingsinformasjon

Gåve til Fitjar kyrkjeblad

Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro

Betalt av

Betalt til

Fitjar sokn
Postboks 10

5418 FITJAR

KID/Melding

Kroner

Øre

Til konto

3546 29 05805

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningssenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:
post@engevik-tislevoll.no



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

Ledig annonseplass

Slækters gang

Døpte:

11.12.

Alexander Hopperstad
Ole Strand Stangeland
Mileah Søvold Dahl
Jakob Engelsen

08.01.

Lorentz Hatlevik Ask

15.01.

Liv Hatlevik

29.01.

Gurine Hovstad Skumsnes

05.02.

Andrine Sørli Innvær

19.02.

Brage Lyngstad Vestbøstad
Lars Åmot Helland
Oliver Tharaldsen de Fine
Severin Grindheim

26.02.

Olivia Reigstad Helland

19.03.

Mathilde Nonslid Kongestøl

23.04.

Leander Sævdal Grimen
Per Haaland

Vigde:

17.09

Ine Koløen Alsaker & Paul Bod

Jordfeste:

Maren Havn

f. 21.07.1921 - d. 08.12.2022

Eldbjørg Lilly Helland

f. 21.06.1931 - d. 20.12.2022

Sigbjørn Nelson

f. 07.06.1934 - d. 24.12.2022

Astrid Gudrun Gloppen

f. 10.08.1933 - d. 14.01.2023

Reidun Vestvik

f. 31.10.1932 - d. 20.01.2023

Henry Ove Sørffonn

f. 19.01.1950 - d. 22.01.2023

Else Marie Hovland

f. 06.02.1927 - d. 24.01.2023

Jakob Vik

f. 10.06.1931 - d. 31.01.2023

Aud Vestbøstad

f. 26.11.1934 - d. 15.02.2023

Ann-Sofie Drønen

f. 15.02.1959 - d. 10.03.2023

Randi Tverderøy

f. 16.12.1943 - d. 19.03.2023

Gudstenester

<u>Dato</u>	<u>Kl.slett</u>	<u>Kyrkjeår/merknad</u>	<u>Prest</u>	<u>Takkoffer formål</u>
07.05.	11:00	5. s. i påsketida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
10.05.	18:00	Samtalegudsteneste med pizzafest på	bedehuset	Ikkje offer
13.05.	11 og 13	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp/Kyrkjelydsarbeidet
14.05.	11:00	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp/Kyrkjelydsarbeidet
17.05.	11:00	Grunnlovsdag	Olav J. Oma	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, NMS
18.05.	11:00	Kristi himmelfarts-dag - Venestemne	familiegudsteneste på	bedehuset
21.05.	11:00	Søndag før pinse	Vikar	Framnes KVGs
28.05.	11:00	Pinsedag	Olav J. Oma	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, NMS
29.05.	11:00	2. Pinsedag/Utegudsteneste	Olav J. Oma	
04.06.	11:00	Treeinings-søndag (års møte etterpå)	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
11.06.	11:00	2. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Fitjar bedehus
18.06.	11:00	3. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
25.06.	11:00	4. s. i treeiningstida	Vikar	Prostrådet